



**PÅ BLÅ GRUNN EIN
OPPRETT SØLV PILODD**

Våpenet er godkjent ved
kgl. res. 8.10.1982
og er teikna av
Hallvard Trøttestad.
Kommunen valde
å illustrera namnet med
ein pilodd då det skulle
fastsetjast eit våpen-
motiv. Piloddar var eit
vanleg motiv i slekts-
våpen i mellomalderen.

ODDA

Odda er ei eldre
dativform av odde
«spisst nes». Første-
leddet i Eitheim er
elvenamnet Eitro,
som her helst tyder
«den iskalde». Elve-
namnet har òg vore
sett til ei rot med ty-
dinga «svella opp». Tokheim
inneheld mogeleg gno. þoka
«tåke» eller eit ord
i slekt med tak. Kvitno kan vera
avleidd av gno. kvikr
«levande», med tanke på tidleg
vokster. Førsteleddet
i Tyssedal er elve-
namnet Tyssø «den
tvidelte»; den todelte
fossen Tyssestren-
gene – som no er
regulert – ovanfor
Ringedalsvatnet. Reinsnos
har fått namn etter saman-
likning med mulen på eit
reinsdyr. Førsteleddet i Røldal
er ei avleiing anten
av gno. reyrr
«steinsamling» eller
kanskje eit ord som
tyder «siv».

Etter den opprekninga
over norske skipreide
som vi finn i Magnus
Lagabøtes testamente frå 1277,
var Røldal og ODDA
då to kyrkjesokn i det
store Kinsarvik/
Ullensvang skipreide.
På 1600-talet ser vi at
Kinsarvik er skilt ut
som eiga skipreide.
Eit mellomalder-
brev nemner ein
gard som ligg
«j Rærykdal kirkiu sookna
som ligher j hardhen
skypredha ...» Dette har fått
einskilde til å tru at Røldal
var eiga skipreide i mel-
lomalderen (Hardvin,
Haara). Dette kan ikkje vera
rett; Røldal var ei fjellbygd med
uframkomelege vegar til sjøen
vinterstid. Bygda høyrer
kulturelt til Suldal, og den
lettaste vegen frå Røldal gjekk dit.

I 1848 fekk bygda eigen prest men var
annekssokn under Suldal fram til 1885.
Men i den verdslege administrasjonen
har Røldal alltid høyrte til Hardanger.
Odda vart skild ut som eigen kommune
og prestegjeld frå Ullensvang i 1913.
Røldal var eigen kommune frå 1838 til
samanslåinga med Odda i 1964.

I tida etter hundreårsskiftet fekk Odda ei rivande utvikling,
frå ein idyllisk turiststad i botnen av Sørfjorden til den
største industistaden i Hordaland.

**KNUD KNUDSEN –
FRUKTDYRKAR OG FOTOGRAF**

KNUD KNUDSEN (1832–1915) frå Odda reiste tidleg til
Bergen for å få utdanning i handelsfaget, men han var også
interessert i fruktdyrking. I feriane på Tokheim sådde han
eplekjerner, han kjøpte potekvistar frå Danmark og bygde
opp ein plante- og forsøkskule for nye fruktslag.
Frå 1850-åra selde han frukttre over heile Vestlandet.
For dette pionerarbeidet vart han i 1862 tildelt statens
reisestipend for å studera hagebruk i Tyskland.

I samtida vart Knud Knudsens arbeid som fruktdyrkar høgt
vurdert, men det er som fotograf han har sett spor etter seg.
Opplæring som fotograf fekk han truleg i Bergen hjå Selmer.
Etterkvart vart fotograferinga hovudnæringa. Året delte han
mellom fruktdyrking på Tokheim, fotografverksemda
i Bergen og resten av tida som reisande Noregsfotograf.

I over 30 år reiste han dei mest kjende turistvegane på
kryss og tvers, frå Kristiansand i sør til Hammerfest i nord.

Bileta hans fell i tre hovudgrupper: den framveksande turismen (skysstasjonar, tettstader, hotell
og ferdslveggar), landskapsbilete og folkelivsbilete. K. Knudsens biletsamling er i dag ei kulturhistorisk
skattkiste. Som fotograf var Knudsen ein foregangsman og nyskapar, og han vert i dag vurdert som
ein av dei mest interessante biletskaparane i førre hundreår i Noreg.
Mange av bileta hans er nytta i denne boka.

